

Årsmelding 2016

Styret

I styret har vore: Jan Flore(leiar), Idar Nygård (nestleiar), Tore Saur (kasserar og rekneskap), Paul Hatledal (sekretær), Thore Heggen og Håvard Solvik. Vara til styret har vore: Susanne Hove Sollid og Ann Therese Gausemel.

Det har vore 12 styremøter og det har vore handsama 52 saker.

Anlegg

Året 2016 har det vore gjort mykje på anleggsfronten. Skytebana på Sindre har fått eit nødvendig løft både funksjonsmessig og sikkerheitsmessig. I juli blei dei to gamle standplassane revne. Det er pr oktober 2016 to nye standplassar under bygging. Det blir bygd 10plassar på 100m og 12plassar på 200m. Nye standplassar er planlagt ferdig i løpet av året. Skyttarlaget har våren og sommaren utført eit omfattande arbeid der ein har bygd nye vollar både på 100m og 200m. Ein har fått gjerda inn heile området slik at ein unngår dyr mellom standplass og blinkar. Det er bygd nye skivestativ på 200m, og ein har fått støypt såle og har starta arbeid med tilsvarande stativ på 100m. Vidare er det gjennomført omfattande arbeid på planering av område, og tilrettelegging med grøfter og rør til nye forsyningar for straum og kommunikasjon. Største delen av arbeidet blei utført våren 2016, som var svært tørr, noko som medførte god framdrift på bygginga. Totalt er det nedlagt ca. 1000 dugnadstimer.

Arrangement

Laget har i år arrangert Vintertreffen (miniatyr) 22.-24.jan med 108 deltakande, Fylkesstemne (miniatyr) 9.-13.mars med 184 deltakande, Lagsskyting (miniatyr) 31.mars med 20 deltakande, Lagsskyting bane 18.juli med 14 deltakande og Olsokstemne 21.-24.juli med 181 deltakande.

Skyttarlaget arrangerte aktivitetsdagar for Hornindal skule 13.-14.juni. Der elevar frå 5.-10 trinn deltok. Det var tre tema: Lære å ta ansvar, vere trygge på naudhjelp og handtere skytevåpen.

Resultat senior og veteran

Lagsmeister miniatyr vart Alf Roger Muldsvor klasse 3 med 341p.

Lagsmeister bane vart Andreas Solvik klasse 4 med 376p.

Hornindal og Markane skyttarlag har vore representert på 45 ulike stemner, med deltakarantall frå 1-20 pr stemne. På landsskyttarstemne i Målselv deltok 11 skyttarar frå laget.

Rekruttering

Ungdomsutvalget har hatt eit år med god aktivitet. Det har vore gjennomført treningar 1 gong for veka, samt vore på samlingar i samlaget 1 gang for månaden for ER og J. Samling for yngre senior 1 gang for veka i Hornindal eller på Lote. Ein gjennomførte Landskonkuransen. To flotte temadager i ståendeskyting og feltskyting. Det har vore gjennomført skytingensdag og aktivitetskonkurranse på Sindre med skulen. Mellomtrinnet og ungdomskulen kvar sin dag. Der fikk dei springe og skyte med puls, førsthjelp med Røde Kors og demonstrert brannbil og frigjerings utstyr med Hornindal

brannvesen. 2 flotte dagar, gode tilbakemeldinger frå elevar og skule. Med håp om gjentaking. Vi har reist ilag og delteke i dei fleste stemna i Nordfjord, fleir stemne på sunnmøre og sunnfjord.

-Samlagstemne miniatyr Huneide: 17 deltagarar ifrå skyttarlaget, mange gode resultat og vi er ikkje langt ifra toppen med 5 2.plassar i klassene.

-Samlagstemne felt Huneide: 19 deltagere ifrå skyttarlaget, 7 ifrå finalen.

-Samlagstmne bane Stryn: 8 deltagere ifrå skyttarlaget. 2 klasse vinnara V55 Andreas Solvik og Kl 3 Bjørn Ove Muldsvor. Vi gratulere.

-Fylkesstemnet i Åfoten: Vi hjelpte til å arangere finfelten med mange lovord etterpå. Vi hadde mange god resultat. 2 i banefinalen og 3 i feltfinalen. Bjørn Ove Muldsvor greide 2 medaljer, 1 i kvar finale. Vi gratulerer.

-Landsskyttersevnet var vi 11stk derav 8 ungdomar. Mange gode resultat, noken skaut årsbeste og 2 i finalen. Kine Ludvgesen 30/19 innledande og 6/2 i felt finalen. Geir Magne Muldsvor 248 innledande og 100 med 6 inner i bane finalen. Vi gratulere.

-Toyotacup finalen var vi 5 frå skytterlaget og 1 plass kl 3 Bjørn Ove Muldsvor 2 plass til kl J Geir Magne Muldsvor og kl V65 Knut Lillestøl Vi Gratulere.

Ungdomsleiar har vore: Alf Muldsvor

Aktivitetar

Jegercupen har vore arrangert i år som før over fem kveldar. Vi har hatt åtte kveldar med mulighet for oppskyting til jaktprøve. På grunn av byggearbeid på Sindre med behov for å rive standplassar i juli var siste oppskyting til jaktprøve i år 12.juli.

Utleige

Bana har vore utleigd til Stryn og Hornindal Jeger- og fiskeforening, Sudstranda skyttarlag, private arrangement og politi.

Bingo

I snitt har inntekt vore på om lag kr5500,- etter at vekslepengane var trakt ifrå (14 bingoar). Dette er akseptabelt. Ein har kjøpt inn to nye walkie-talkies.

Pål og Gunnar delte på innkjøp. Av praktiske grunnar vart dette gjort på Grodås

Funksjonærene møtte stortsett opp slik dei skulle, men ikkje-oppdaterede medlemslister gjorde at eit par som var oppsette, ikkje ville møte. På slutten gjekk det litt på stompane sidan ein hadde flytta på personar. Ein person skjønnte ikkje heilt alvoret, og lagde ein del krøll. Personar som tydeleg ikkje ville i fjor vart ikkje sett opp. Dette er uheldig då ein av pliktene som medlem er å yte dugnad og hjelp når ein blir satt opp. Det er naturleg at det ikkje alltid passar, men det lyt passe av og til.

Ein uheldig episode med gammal is som vart flytta frå miniatyrbana til Sindre. Dette er noko ein lyt passe på. Varer som er gått ut på dato, eller av andre årsakar ikkje er eigna til sal. Skal ikkje seljast, men fjernast frå lager slik at det ikkje blir solgt ved uhell.

Målet neste år er at ingen skal bli oppsett meir enn ein gong (bortsett frå opplesarane). Reknar med at dugnadsaktiviteten på anlegget avtar litt neste år.

Leiar for bingo har vore: Per Øen

Økonomi

Økonomien i laget er framleis tilfredsstillande, men med sviktande resultat siste år. Året 2016 balanserer rundt 0. Bingo inntekt har i år vore tilfredsstillande sjølv om den er lågare enn det vi tidlegare rekna som normalt. Laget må framover arbeide for å auke inntektene for eksempel ved aktivt sponsorarbeid og søknadar til fond og stiftingar. Lyt samtidig følgje den økonomiske utviklinga for laget tett då ein etter utbygginga på Sindre vil ha brukt det meste av reserver, og treng eit minimum av likviditet.

Å arbeide vidare med

- Lyt få på plass avtale med grunneigar for sikring av sikkerheitsområde/fareområde for skytebana på Sindre.
- Reforhandle vilkår/avtale med Sindre etter ombygging.
- Når den nye straumtavla vet sett i drift, blir bl.a. stolpen med høgtalarane fjerna (dårleg). Ein ny må setjast opp på eigna plass.
- Sjøppel på Sindre. Pakke i sekkar frå Nomil og setjast på plass for mandagslevering? Må ha ansvarleg person.
- Treng ansvarleg for vask av WC og golv før kvar bingo, samt setje på varme i god tid før bingo.
- Nedvask av skyttarhus på våren og midtsommars.
- Innsamling av pengar frå safe regelmessig. Har til tider hopa seg opp.
- Gjennomgang av avtale med Sudstranda skyttarlag.

- Dugnadsarbeid vår- forsommar/ sommar 2017.
- Ferdigstille skiver 100 m.
- Beise standplassbygninger.
- Data/ elektronikk opplegg på standplasser.
- Rydding skyttarhus.
- Fjerne mose på paviljong.
- Nytt gjerde frå skyttarhus til sving.
- Ferdigstille nytt strømmuttak ved bru.
- Rydde skog i skråning over elva h.side 200m.
- Rydding i grav 300m.
- Beise/ male gamalt standplassbygg.

Flore 25.okt.2016

Jan B. Flore –leiar-